

# ÅRS MELDING 2008



Bufetat

# Innhold

Leiar	03
Tal & fakta	04
Funksjonell familierterapi	05
Bufetat sitt arbeid med handlingsplanar	06
Første år på Eidsvoll	08
Bufetat 5 år - ein etat i utvikling	10
Langvarig hjelp til barna etter samlivsbrot	12
Familien mot år 2020	13
Obligatorisk mekling ved samlivsbrot og separasjon	14
Barnet si stemme i mekling	15
Aktiv ungdom: du er alltid velkommen her!	16
Diverse fakta	18
Karriere i Bufetat?	19

Utgjevar: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Mai 2009  
Opplag: 5000  
Design: Virtual Garden Design  
Trykk: Fladby AS  
Målform: Nynorsk  
Foto: Kai Myhre

# Openheit, nytenking og samarbeid i 5 år



Det er no 5 år sidan Barne-, ungdoms- og familieetaten blei oppretta. Sidan da har vi fått mange spennande og krevjande oppgåver. Blant desse er ansvaret for einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år. Barna bur på eit av våre omsorgs-senter eller i andre barneverninstitu-sjonar medan dei får asylsøknaden sin behandla. Etaten har også ansvaret for å legge til rette for busetting av barna. Ved utgangen av 2008 var 157 einslege mindreårige under vår omsorg.

Heilt sidan 2004 har vi arbeidd syste-matisk for å skape eit opent barnevern. Barnevernet treng plass i det offentlege rom og vi har kursa over 1 000 av våre tilsette i kommunikasjon og media. Vi trur at systemkritikk og fagdiskusjonar er til det beste for barna og familiane deira.

Det er stort fokus på kunnskapsbasert praksis i Bufetat. Heile 14 forsknings- og utviklingsprosjekt blei starta, vidare-ført eller avslutta i 2008. Brukarretta kvalitetsutvikling i familievernet og familieråd i barnevernet er to av fleire spennande prosjekt. Les meir om dette på heimesidene til Nasjonalt bibliotek for barnevern og familievern: [www.nbbf.no](http://www.nbbf.no).

Bufetat forvaltar komplekse tenester, og vi samarbeider med andre offentlege instansar og organisasjonar om mange av våre oppgåver. Handlingsplan mot tvangsekteskap og oppfølging av mindreårige ofre for menneskehandel er døme på dette. Eit godt samspel mellom tenestene er heilt essensielt for at barna våre skal sikrast god helse, opplæring og utvikling.

Vi er stolte av det vi får til og ser fram til å fortsette arbeidet med å skape eit likeverdig og kunnskapsbasert godt tilbud for barn, unge og familiar i heile landet.

Med venleg helsing  
Ann-Marit Sæbønes

# Tal & Fakta

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) er eit forvaltningsorgan under Barne- og likestillingsdepartementet som jobbar med vekst og utvikling for barn, unge og familiar. Etaten er organisert i fem regionar; region nord, Midt-Noreg, vest, aust og sør. Fosterheimstenestene, familie- og nærmiljøbaserte barnevernstiltak, statlege barnevernsinstitusjonar og familievernkontora er ein del av Bufetat. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er det øvste organet til etaten.

## Barne-, ungdoms- og familieetaten

	2007	2008
<b>Fosterheim</b>	<b>Pr. 28.02.07</b>	<b>Pr. 28.02.08</b>
Tal på klargjorte fosterheimar	528	575
	<b>Pr. 31.01.07</b>	<b>Pr. 31.01.08</b>
	122	116
<b>Statleg finansiert barnevern</b>	<b>Tal på barn pr. 31.12.07</b>	<b>Tal på barn pr. 31.12.08</b>
Hjelpetiltak i heimen	1 166	1086
Fosterheimsbaserte	1 786	2075
Institusjonar	1 068	1206
<b>Totalt</b>	<b>4 020</b>	<b>4367</b>

	Tal på nye saker	Tal på nye saker
<b>Familievern</b>		
Behandlingssaker	23 239	24 191
Meklingar	12 962	13 613

	2007	Ferdig-behandla	2008	Ferdig-behandla
<b>Adopsjon</b>	<b>Motteke</b>		<b>Motteke</b>	
Søknader om utanlandsadopsjon	682	814	489	511
Søknader om stebarnsadopsjon	283	279	228	296
Søknad om fosterbarnsadopsjon	42	40	33	23

	2007	2008
<b>Krisesenter</b>		
Tal på søknader frå krise- og voldtektssentra	52	53
Sum midlar til krise- og voldtektssentra	146 mill. kroner	159 mill. kroner
Tal på søknader frå incestsentra	20	20
Sum midlar til incestsentra	50 mill. kroner	53 mill. kroner

	2007	2008
<b>Rettsferdsvederlag</b>		
Tal på krav om rettsferdsvederlag	827	689
Saksbehandlingstid	1 år	1,4 år

	2007	2008
Utgifter trekt frå refusjonar barnevernet	3 994,4	4 400,8
herav kjøp av private barnevernplassar	1 416,2	1 413,0
Inntekter barnevernet	800,5	874,7
herav kommunale eigendelar	706,7	762,6
Utgifter trekt frå refusjonar familievernet	288,4	295,1
Inntekter familievernet	2,6	1,2

# Funksjonell familierapi – Ny metode i barnevernet

Funksjonell familierapi (FFT) er eit behandlingstilbod for familiar og ungdom med åtferds- vanskar. Det kan dreie seg om høgt konfliktnivå i heimen, problem på skulen eller uheldig påverknad frå vener eller rus. For nokre ungdommar er FFT eit alternativ til plass på institusjon.

## Måla med FFT er å:

- Sjå ungdommen si åtferd i samanheng med korleis alle i familien verkar inn på kvarandre
- hjelpe familien til ei felles problemforståing
- styrkje familien si kommunikasjon, problemløysing og samhandling
- gjere familien i stand til å løyse framtidige problem
- bidra til at familien kan dra nytte av hjelp og støtte i nærmiljø og nettverk

Familien jobbar tett saman med terapeuten, som sikrar seg jamlege tilbakemeldingar frå familien om utviklinga. Oppstarten kan være intensiv når det trengs. Behandlinga er delt inn i tre fasar og varar i regelen frå tre til seks månader.

Det blei etablert 5 FFT-team i Bufetat i 2008 og 60 familiar starta med behandlingmetoden. Dette er ein av fleire forskningsbaserte metodar brukt i barnevernet. Andre metodar er til dømes Multisystemisk terapi (MST) og Parent Management Training Oregon-modellen (PMTO). Metodane kan dokumentere resultat, gir relevant hjelp og er individuelt tilpassa barn og ungdom med åtferdsproblem.



# Bufetat sitt arbeid med handlingsplanar mot ulike typar vald


Regjeringa har lansert fleire handlingsplanar knytta til vald i nære relasjonar, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og menneskehandel. Bufetat har ansvar for tiltak i desse planane.

## Her er ei oversikt over nokre av tiltaka det blei jobba med på desse områda i 2008:

- Etablering av tilpassa butilbod i regi av det statlege barnevernet for unge under 18 år, og krisebustader for dei som er over 18 år, som er trua eller utsett for tvangsekteskap og/eller annan æresrelatert vald.
- Bufetat har oppdatert og distribuert informasjonsmateriell om tvangsgifte for alle aktuelle målgrupper.
- Bufdir har i samarbeid med IMDi, POD og UDI utarbeidd ein rettleiar for hjelpeapparatet i saker som omhandlar tvangsekteskap og annan æresrelatert vald.
- Kunnskap om tvangsekteskap og kjønnslemlesting har blitt integrert i programmet for foreldrerettleiing for minoritetsforeldre.
- Kurs for sertifiserte rettleiarar i programmet for foreldrerettleiing for minoritetsforeldre - med omskjering, tvangsekteskap og vald i nære relasjonar i fokus.
- Regionale nettverksamlingar om tvangsekteskap og kjønnslemlesting for offentlege og frivillige aktørar.
- Vidareutvikling av spørsmål- og svarteneste på ung.no. Tvangsekteskap og omskjering har vore prioriterte tema på nettsida.
- Etablering av gode rutiner for å følgje opp mindreårige ofre for menneskehandel.
- Menneskehandel og tvangsekteskap var tema under fagteamopplæringa i 2008
- Samarbeid med Husbanken for å gjera krisesentra tilgjengelege og tilrettelagte for alle aktuelle brukarar.
- Fått utarbeidd ei elektronisk handbok om oppfølging av barn på krisesenter.



# Første år på Eidsvoll



Den 6. desember 2007 opna Eidsvoll omsorgssenter for barn, og tok i mot 22 barn frå mottaket på Vårli i Østfold. På eittårsdagen for senteret hadde 187 einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år kome til Noreg. I dag bur 34 barn på Eidsvoll, og det sjuande omsorgssenteret i landet er under etablering.

Så langt er omlag 8 av 10 barn som har kome til Eidsvoll omsorgssenter gutar. Dei fleste barna kjem frå Afghanistan, Sri Lanka, Somalia og Eritrea, og dei har som regel vore på flukt lenge. Omsorgssenteret skal gi barna god omsorg og tryggleik, og sørge for at dei får den oppfølginga og behandlinga dei treng. Barna bur på Eidsvoll medan asylsøknaden vert behandla, og fram til dei blir busett i ein kommune eller skal forlate landet.

## Kvardagen viktig

- Når ein einsleg mindreårig asylsøklar kjem hit, får dei informasjon om dagleglivet på senteret, om skulen og asylprosessen. Etter dette skal alle gjennom ei helseundersøking, før dei startar på skulen omlag ei veke etter ankomst, fortel dagleg leiar Frank Nerheim. Eidsvoll omsorgssenter har 30 faste plassar, og barna er fordelt på mindre avdelingar med omlag seks barn på kvar.

- Avdelingane er barna sin familie på senteret. Her et dei måltida saman og barna får hjelp til lekser og språkopplæring. Avdelinga har også eigne husmøte, ofte med tolk tilstades, så barna kan få viktig informasjon og snakke om ting som opptek dei, fortel Nesheim.

## Skule er topp

Dei fleste barna er svært lærevillige og har mål og draumar for framtida. Alle barna går på barne- eller ungdomsskule i nærleiken, og omsorgssenteret har eigen pedagog som samarbeider tett med skulane.

- Pedagogen held kontakten mellom heim og skule som andre føresette, men kontakten er dagleg. Den tilsette er bindeleddet mellom omsorgssenteret og skulen, og vi ser at barna finn tryggleik i at ein person er tilstades på begge arenaer, seier Nerheim.

- Barna vil gjerne lære norsk så raskt som mogleg, og dei er glade i å gå på skulen. I sommar måtte vi arrangere sommarskule fordi barna syntes skuleferien blei vel lang, fortel Nerheim.

Også kreative fritidssyslar som fotografering er populært. Alle barna lagar ei bok med bilder og tekst frå opphaldet sitt på senteret, ei slags livsbok, som dei får med seg når dei reiser vidare.

- Boka er med og beskriv det første møtet med eit nytt land. Opphaldet på senteret er ein viktig del av historia deira, og opplevingane herfrå er med på å skape ein samanheng i livet, forklarar Nerheim.

## Piano på døra

Han er spesielt glad for integreringsarbeidet som er gjort i Eidsvoll i løpet av dette første året.

- I haust merka vi at folk var meir opne mot oss. Vi har stadig kontakt med ulike lag og organisasjonar som ønskjer å bidra, seier Nerheim. Barna ved omsorgssenteret er aktive i nærmiljøet, og spelar mellom anna fotball i Eidsvoll Turn og deltek i musikk- og kulturaktivitetar ved Kulturskolen.

- Tre av barna våre får pianoundervisning. Da Kulturskolen fekk høyre at barna ikkje hadde piano å øve på,

tok dei i samarbeid med oss kontakt med Lions. Kanskje kunne dei bidra? Få dagar seinare hadde Lions funne eit brukt piano dei leverte på døra til oss, fortel Nerheim.

Han ønskjer at barna i størst mogleg grad skal ta del i fritidsaktivitetar der dei også treff andre barn. - I tillegg til å mestre aktiviteten, som til dømes fotball, tilpassar dei seg også miljøet, blir ein del av laget og lærer uskrivne sosiale reglar. Dette er erfaringar det er godt å ha med seg i ryggsekken vidare i livet, avsluttar han.

## Einslege mindreårige - vegen frå ankomst til busetting

Bufetat overtok ansvaret for omsorgstilbodet til einslege mindreårige under 15 år i 2007. Barnevernet sitt ansvar blei nedfelt i barnevernslova fra og med 1. juli 2008. Tilbodet til dei einslege mindreårige skal ha lik kvalitet som tilbodet til barn i barnevernet. 1. oktober 2008 fekk Bufetat også ansvaret for den konkrete busettinga av det enkelte barn under 15 år.

### PÅ OMSORGSSENTERET:

- Ein trygg bu- og omsorgsbasis
- Omsorg prega av forutsigbarheit og varme
- Behandling for traume, sakn og vanskelege opplevingar
- Hjelp til å tilpasse seg det norske samfunnet
- Grunnlag for best mogleg busetting eller retur

### BUSETTING

- Ansvaret for busetting av mindreårige ivaretas av både Bufetat og IMDi
- IMDi gjer avtalar med kommunar, Bufetat busetter det enkelte barn under 15 år
- Bufetat gir råd og veiledning til kommunar i enkeltsaker

### NOKRE OPPGÅVER PÅ OMSORGSSENTRA:

- Oppfølgingsplan innan 3 veker frå ankomst
- Oppfølgingsvedtak innan 6 veker frå ankomst
- Busettingsførebuande arbeid - kartlegging
- Sjå til at verje blir oppnemnt og leggje til rette for at verja får gjort oppgåvene sine
- Fritid, skule- og helsetilbod
- Heimlandskontakt

### BEHANDLING AV ASYLSØKNADEN

- Registrering av asylsøknaden hos Politiets utlendingsenhet
- Asylintervju med verje tilstades
- Aldersvurdering
- Oppsporing av omsorgspersonar i heimland eller 3. land
- UDIs behandling av søknaden, vedtak med klageadgang
- Eventuell klagebehandling i Utlendingsnemda (UNE)
- Busetting eller heimreise og gjenforening med omsorgspersonar

# Bufetat 5 år - ein etat i utvikling

## 2004

Den 01.01.2004 overtok Statens barnevern og familievern (SBF) ansvaret for barnevernet og familievernet frå fylkeskommunane. I juli blei Barne-, ungdoms og familieforvaltninga (BUFA) slått saman med SBF til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Bufetat vart ein realitet. I løpet av året blei 24 fagteam etablert - bindeleddet mellom stat og kommune. Kvalitetsgjennomgangen og godkjenninga av barnevernsinstitusjonar i landet førde til eit kvalitetsløft for brukarane. Arbeidet med adopsjonssaker blei omorganisert og regionane fekk ansvar for å handsame adopsjonssøknader. Året bar preg av faglege, administrative og økonomiske utfordringar - ein ny etat skulle byggjast opp basert på 18 ulike kulturar.



## 2005

Dette året blir «eit opnare barnevern» kommunikasjonsstrategien for barnevernet lansert. Målet er å skape eit opnare barnevern til beste for barnet og familiane. Bufdir lanserer den første statlege rekrutteringskampanjen for å få fleire fosterheimar. Det er fokus på barn og unge sine rettar på institusjon og eit omfattande opplærings- og informasjonsprogram blir starta. Etaten utviklar eit nytt samlivskurs for førstegangforeldre. «Godt Samliv» Eit nytt tilbod (MultifunC) for ungdommar med åtferdsvanskar startar opp. Stortinget vedtek ei utvida og tilpassa rettferdsvederlagsordning. Bufdir er faginstans for søknader som gjelder opphald i barneheim og fosterheim.



## 2006

I 2006 jobba Bufetat fram verdiane Respekt, Åpenhet og Deltakelse (RÅD) som rettesnor for verksemda. Det blei også halde adopsjonsførebuande kurs, eit tilbod til alle førstegongs adoptivsøklarar, for første gang. Det var stort fokus på barn som lever med vald i familien både i familievernet og i barnevernet. Arbeid med innvandraringdom og familiane deira hadde høg prioritet. Eit program for å styrkje kompetansen og skape eit felles forståingsgrunnlag blant alle fagteamama i landet blei starta og tilsette i etaten fekk opplæring i foreldrerettleiing - eit førebyggjande program som skal styrkje omsorga og utviklinga til barn og unge.



## 2007

Ansvaret for einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år blei overført til Bufetat og det første omsorgssenteret opna i slutten av året. Eit digitalt bibliotek som samlar og gjer tilgjengeleg relevant kunnskap innan barnevern og familievern blir lansert. Talet på meklingar i familievernet aukar fordi også sambuarar no får plikt til å mekle ved samlivsbrot dersom dei har barn under 16 år. EU sitt ungdomsprogram Aktiv ungdom startar opp og www.ung.no blir kåra til den beste offentlege nettstaden i Noreg. Det blir satsa på familieråd som arbeidsform og konferansen «Sammentreff» som samlar fagfolk og foreldre til barn og unge med nedsett funksjonsevne blir halde for første gang.



## 2008

Bufetat tek over ansvaret for meklarkorpset i landet og skal frå no av sørge for at desse er kompetente og held god kvalitet. Familievernet fyller 50 år og dette blir markert på ulikt vis. Trondheim kommune blir innlemma i Bufetat. Arbeid i forhold til handlingsplanane mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og menneskehandel er ei prioritert oppgåve. Det same er etableringa av Funksjonell familierapi (FFT) eit tilbod for ungdom med åtferdsproblem. Etaten gjennomfører den første nasjonale konkurransen med forhandlingar retta mot ideelle organisasjonar, for å sikre nok institusjonsplassar av god kvalitet. Bufetat fyller 5 år!

# Langvarig hjelp til barna etter mor og far sitt samlivsbrot

Mannen til Grete fortalte ein måndag morgon at han ville forlate familien og selje huset. Det kom som lyn frå klar himmel. Hos fastlegen fekk Grete høyre om familievernet. Den første timen blei starten på ein langvarig og nyttig kontakt, som særleg barna til Grete har satt stor pris på.

- Eg ante ikkje at familievernet kunne hjelpe oss med problema vi hadde. Det som opptok meg mest i den akutte fasen, var å få ned tempoet i prosessen, slik at vi kunne ta eit eventuelt brot på ein ryddig måte. Det var viktig av omsyn til barna. Mannen min meinte vi ikkje hadde behov for rådgjeving, men han gikk med på å ta ein time. Møtet med familievernet var slik at mannen min ikkje hadde noko imot å gå til fleire timar, seier Grete.

## Fokus på barna

Etter fire-fem timar hos ein erfaren terapeut, forsto Grete at ekteskapet ikkje kunne reddast. Begge ville difor vende fokuset mot behova til dei to barna, ein gut på åtte år og ei jente på elleve år. Det blei til at alle fire fekk ein felles time hos familievernet, før barna starta med eigne timar.

Vi måtte begge leggje vekk det emosjonelle og tenkje på barna. Familievernet var venleg tilstades, men utan å ha ei «pakkeløysing» klar i skuffa. Hos familievernet gjorde også min daverande mann greie for sitt syn på ein mykje betre måte enn heime. Vi slapp å være i forsvarsposisjon. Det var godt å dele problema med ein nøytral fagperson, som kunne sjå på tinga på ein heilt annan måte enn vener og omgangskrets.

## Tung fellestime

Tobarnsmora hugsar at fellestimen med barna var tung for alle. Men det blei satt ord på situasjonen, slik at dei kunne komme vidare i livet. Ungane var i sentrum. - Eg var veldig letta, sjølv om det var tøft.

Etter at barna hadde hatt eigne terapitimar, blei sonen min med i ei barnegruppe, som han hadde stor hjelp av. Dotter mi ønskja ikkje å være med i ei gruppe den gangen, men ho har seinare fått hjelp av familievernet i forhold til sine behov.

## Kom gjennom krisa

Grete er viss på at ho og barna ikkje hadde komme seg så bra gjennom familiekrisa utan familievernet og ho tilrår andre å bruke gratistilbodet. - Ta kontakt og få hjelp. Tru ikkje at ditt problem ikkje er viktig eller stort nok. Det er mykje fordommar ute og går og mange er redd for å bli «avslørt». Men det er vanleg å ha problem og familievernet er ingen dommar.

- Det er blitt så populært med «kriseteam» som støttar overlevande og pårørande i ulike krisesituasjonar ved ulykker og naturkatastrofar - men kva med krisa når familielivet går opp i saumane?

# Familien mot år 2020

Vil familien overleve? Det har vore fleire dystre dommedagsprofetiar dei siste tiåra. Men rykta om familiens død må seiast å være sær overdrivne.



Av: Berger J. Hareide, seksjonssjef, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Den har rett nok endra seg mykje sidan den klassiske husmorfamilien på 50-talet. Og endringane vil halde fram. Likevel er eg ingen stor profet dersom eg spår at den ganske sikkert vil bevare nokre felles grunntrekk - også i år 2020. Familien står i dag i eit konstant spenn mellom sentrifugalkrefter, som trekkjer den utover og fragmenterar den; og sentripetalkrefter som dreg den innover att mot kjernen, mot det fundamentale.

## Fragmentert

Det fragmenterte ser vi på mange vis: Familiar har mindre tid saman. Heimen blir «bed-and breakfast». Fellesmåltider forsvinn. Ritual forvitrar. Skilsmisser fører til mindre kontinuitet i barn si oppvekst. Det same gjelder sambuarskap, som har langt høgare samlivsbrottsrate. Det blir fleire aleinehushaldningar. Singellivet lokkar. Teknologien styrer samværet. Familien møtest kanskje etterkvart mest «online».

Individualismen har gjort sitt inntog. Det er mykje godt i den. Men det kan bli skeivt dersom sjølvrealisering blir det viktigaste. Ingen skal være avhengig av meg, og eg skal ikkje være avhengig av nokon. Vi er styrt av ei konstant marknadsorientering: «What's in it for me?»

## Fundamental

Og denne utviklinga blir så den store lukka? Neppe. Sjølv om vi ser sterke fragmentariske tendensar i dag som kan gi grunn til uro, kjem vi ikkje unna nokre fundamentale behov vi har i kraft av å være menneskje. I følge Sigrid Undset: «Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager.» Vi er rett og slett utlevert til å leve i fellesskap for å kunne være menneskje. Den ekstreme individualismen er ein fiksjon. Eg treng andre for å kunne vekse opp og leve - og andre treng meg. Det er i dette gjensidige fellesskap vi oftast finn ei djupare meining med å leve - i eit godt parforhold, i sterke foreldre-barn-relasjonar, i nære venskap. Det er også her lengselen ligg. Familieliv handlar tross alt om andre verdiar enn marknaden.

## Familievernet - ei vekstnæring

Det er sjølv sagt også her vi tidvis strevar - i våre nære relasjonar. Difor blir det neppe mindre behov i år 2020 for ei teneste med tilbod til par og familiar. Sånn sett kan vi seie at familievernet representerer ei vekstnæring. Dei fragmenterande kreftene vil framleis endre familiane - nokon endringar kan være gode, men mange vil samla sett gi oss dårlegare livskvalitet. Vi treng nok større forståing for kva som gir oss gode liv. Her kan familievernet være ein viktig bidragsytar for familiane - også i år 2020.

# Obligatorisk mekling ved samlivsbrøt og separasjon

Alle familievernkontor tilbyr mekling ved samlivsbrøt og separasjon. Mekling er pålagt både med heimel i ekteskapslova og i barnelova.



## Desse må til obligatorisk mekling:

- ektefeller som skiljer lag og som har felles barn under 16 år
- sambuarar som skiljer lag og som har felles barn under 16 år
- for å få utvida barnetrygd må ein til mekling og få meklingsattest
- foreldre som skal bringe sak inn for domstolen etter barnelova

Ekteskapslova seier at alle som er gift og har barn under 16 år saman, må ha gyldig meklingsattest før Fylkesmannen innvilgar separasjon.


## Målet med mekling er å få foreldra til å bli samde om:

- foreldreansvar
- kor barna skal bu fast
- samvær

Avtalen skal først og fremst rette seg etter det som er best for barnet. Barn har rett til å bli høyrte og har rett til samvær med begge foreldra jf. barnelova.

## NYTT MEKLINGSANSVAR

Frå 01.01.2008 overtok Bufetat ansvaret for meklingsordninga frå Fylkesmannen. Etaten skal sikre at det er nok meklarar og at desse held god kvalitet. Grunna det nye ansvaret var det i fjor fokus på opplæring av regionkontora og utarbeiding av felles retningslinjer. Det blei halde ei landsdekkjande samling der omlag 400 meklarar deltok.



## Barnet si stemme i mekling

Barn har rett til å bli høyrte etter barnelova. Det skal leggjast vekt på barnet sine synspunkt etter alder og kor modent det er. Når barnet har fylt sju år, har det rett til å seie si meining om til dømes bustad og samvær dersom foreldra flyttar frå kvarandre. Familievernkontoret i Asker er i ferd med å prøve ut ein modell som skal sikre at barnet blir høyrte under mekling.

### Slik foregår timane i grove trekk:

**1. time:** foreldra blir informert om hensikten med å snakke med barnet/barna. Begge foreldra må samtykke til høyringa og dei må være innstilt på å ta omsyn til det barnet seier.

**2. time:** to terapeutar eller meklarar har ein samtale med foreldre og barn etter ein fast struktur. Etter fellessamtalen intervjuar fagfolka barnet/barna, og sikrar at barnet godkjenner informasjonen til foreldra. Meklaren snakkar etter dette med foreldra, medan barnet følgjer med bak ein spegel. Timen blir avslutta med ein fellessamtale.

**3. time:** Foreldra kjem til time utan barnet for å snakke om korleis dei skal ta omsyn til informasjonen frå barnet og utforme foreldresamarbeidet eller samværsavtalen.

Erfaringa til familievernkontoret er at denne modellen sikrar at barnet blir høyrte på ein god måte, og at barnet har kontroll over den informasjonen som blir formidla til foreldra. Modellen blir brukt både i mekling og samværsaker, og gir rettleiing og struktur for meklaren si rolle.



Askerungdom henta hjertevarme og mentalt gull i sør-Italia:

### Du er alltid velkommen her!

- Hjertevarmen vi møtte. Kjensla av å høyre saman blant unge med heilt forskjellige historier. Aksepten for den du er. Bodskaen om at du alltid er velkommen her. Slik oppsummerer Ingunn Frantzen ved barnevernstenesta i Asker utbyttet av ungdomsutvekslingsturen til Oppido Lucano i sør-Italia sommaren 2008. Besøket kom i stand under det europeiske programmet Aktiv ungdom.

15 barn frå Asker - alle einslege mindreårige flyktningar frå 13 ulike nasjonalitetar - fekk oppleve gjestfridom og samkjensle med 27 ungdommar i ein sør-italiensk landsby gjennom ei veker besøk i starten av august. Det blir truleg gjensitt frå Italia i august 2009.

#### Eit nytt perspektiv på velferd

- Våre barn fekk seg nokre aha-opplevingar, og eit utvida perspektiv på materiell velferd. Oppido Lucano er ein liten landsby langt mot sør. Distriktet høyrer definitivt ikkje til den velstående delen av Italia. Området har ein historikk med utvandring til nord-Italia og andre land i Europa, for å finne arbeid og betre levekår. Mangelen på materiell overflod opna nok augene for spennvidda i sosiale forhold og levekår i Europa. Det var ei viktig erfaring, understrekar Ingunn Frantzen.

Alle dei italienske ungdommane som tok del i utvekslinga høyrer heime i distriktet. To tredjedelar av dei bur i familiar med sosiale problem og får difor ulike hjelpe-tiltak frå ei privat barnevernstifting - Cooperativa



Promozione 80 - som arbeider med offentlig støtte. - Mottakinga vi fekk var fantastisk. Vi blei møtt med ekte hjertevarme og opne armar, både av ungdommane og alle andre. «Alle» visste at vi kom, og besøket blei oppfatta som ein solidaritetsaksjon. I løpet av veka blei kontakten og kjensla av å høyre saman utvikla gjennom sosiale og kulturelle aktivitetar, som dans, song og ulike spel, fortel Franzen..

#### Mentalt gull

Mange av Askerungdommane høyrer til i muslimsk tru. Eit dagsbesøk i eit nærliggjande fransiskanerkloster og munken der blei difor ei spesiell oppleving. - Han snakka med dei om sin religiøse ståstad, og la heile tida vekt på solidaritet og brorskap, rettferd, venskap og kjærleik. Det gikk «rett heim» hjå våre ungdommar, og dei fekk ein flott kontakt. Frå denne munken, som sjølv lever svært enkelt, fekk dei med seg «mentalt gull», fortel Frantzen.

Ved avreisa vanka det meir mental rikdom. Ungdommane frå Asker hadde liten lyst til å reise frå sine italienske vener; dei hadde fått ei kjensle av å høyre heime hjå dei. Kjensla var truleg gjensidig. Som avskjedshelsing gav ein av dei italienske ungdommane nøkkelen til familiens heim til ein av sine norske vener.

Tydelegare kan det nok ikkje seiast:  
Du er alltid velkommen her!



### AKTIV UNGDOM

- Aktiv ungdom er EU sitt ungdomsprogram for ikkje-formell lærling
- Målgruppa er ungdom mellom 13 og 30 år og dei som jobbar med ungdom
- Programmet gir unge høve til å få nye kunnskaper, større internasjonal forståing og auka medborgarskap
- Aktiv ungdom fordeler 14 millionar kvart år til ungdoms-prosjekt i Norge og i Europa



# Diverse fakta

## Kjøp av institusjonsplassar

Dei fleste barn og unge får hjelp i heimen eller fosterheim, men for enkelte barn er institusjon det beste tilbudet. Hausten 2008 gjennomførde Bufdir ein nasjonal konkurranse med forhandlingar retta mot ideelle organisasjonar, for å sikre at etaten har nok institusjonsplassar av god kvalitet. Dette førte til avtaler med 23 organisasjonar og omlag 200 plassar. Kjøp av institusjonsplassar blir gjort i tråd med Lov om offentlege anskaffingar.

## Kompetansestyrking av fagteam

Fagteama til etaten er det viktigaste leddet i det statlege barnevernet sitt direkte samarbeid med kommunane. I 2008 blei ei toårig satsing på kompetansestyrking av fagteama avslutta. Målsettinga har vore å sikre eit oppdatert og felles kunnskaps- og forståingsgrunnlag om utsette barn sitt behov. Programmet har også vore viktig for vidareutviklinga av fagteama.

## Fleirkulturelt arbeid

Heile befolkninga skal ha lik tilgang til våre tenester, uansett kulturell bakgrunn. Det betyr at Bufetat skal ha kompetente tilsette og eit tilpassa tenestetilbod. I 2008 kom fleire foreldre med innvandrabakgrunn til meking i familieverket. Samstundes aukar talet på barn og unge med innvandrabakgrunn som kjem i kontakt med våre tenester, i samsvar med den generelle auken i talet på barn og unge i barnevernet.

## Fosterheim

Fosterheim er det tiltaket Bufetat brukar oftast når barn treng hjelp utanfor heimen. Det er difor ei prioritert oppgåve å rekruttere nok fosterheimar og sørge for at desse har høg kvalitet. Det blei fleire årsverk på området og fleire fosterheimstenester i 2008. Talet på familiar som var klargjort for å ta imot fosterbarn auka med ni prosent. Talet på barn i fosterheim auka med over 10 prosent.

## Adopsjon

Det er framleis stor interesse for adopsjon av barn frå andre land og tala for adopsjon av barn i Noreg er stabile. Bufdir mottok 327 søknader om støtte for adopsjon av barn frå utlandet i fjor. Dette talet er noko lågare enn før. Alle søknader for 2008 blei innvilga og saksbehandlingstida i desse sakene er normalt under ein månad.

## Fattigdom

Bufetat overtok ansvaret for nettsida «kommunale tiltak mot barnefattigdom» i 2008. Sida er eit ledd i Regjeringa si fattigdomssatsing og blei i fjor oppgradert både på innhald og design. Målet er at nettsida skal være ei kjelde til informasjon og inspirasjon for kommunane som deltek i prosjektet. For meir informasjon: [www.bufetat.no/fattigdomstiltak](http://www.bufetat.no/fattigdomstiltak)

## Ung.no

Nettsida [ung.no](http://ung.no) er landets største offentlege nettstad for ungdom mellom 13 og 20 år. Her får ungdom informasjon om emne som opptek dei og svar på spørsmål om til dømes forelsking, graviditet, utdanning, kriminalitet, trening, slanking, mobbing, helse og mykje meir. Ung.no har 2,1 millionar besøkjande i året og i underkant av 8 millionar sidedownlastingar årleg.

## «Eit opent barnevern»

Kommunikasjonsstrategien til barnevernet blei revidert i 2008. Til grunn for «Eit opent barnevern» ligg tanken om at openheit gir barnevernet større legitimitet. Da blir det betre å være barn i barnevernet. Strategien blei lansert i 2004 og mange tilsette i barnevernet har fått betre kunnskap om utadretta kommunikasjon og større innsikt i korleis media arbeider gjennom strategien.

# Karriere i Bufetat?

Bufetat har omlag 5 000 tilsette. Blant desse finst det barneverns- pedagogar, sosionomar, miljøterapeutar, familierapeutar, psykologar, juristar og administrativt personell innan økonomi, personal, IKT, kommunikasjon og leiding. Ledige stillingar vert utlyst på [www.bufetat.no/ledigestillinger](http://www.bufetat.no/ledigestillinger).

Søknad kan sendast gjennom etaten sitt elektroniske søknadsskjema.

Bufetat er ei inkluderande arbeidslivsbedrift, og det er eit mål at den statlege arbeidsstyrken i størst mogleg grad skal spegle mangfaldet i befolkninga. Etaten har ein strategi for å auke etnisk mangfald, handlingsplan for helse-, miljø og sikkerheitsarbeid (HMS) og kompetanseplanar.

Vil du vite meir? Sjå [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

### Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Universitetsgata 7  
Postboks 8113 Dep.  
0032 Oslo  
Telefon: 46 61 50 00  
Faks: 22 98 01 06  
E-post: [postmottak@bufdir.no](mailto:postmottak@bufdir.no)

### Bufetat region sør

Olav Tryggvasons gate 4  
Postboks 2403  
3104 Tønsberg  
Telefon: 466 18 000  
Faks: 33 36 83 11  
E-post: [region.sor@bufetat.no](mailto:region.sor@bufetat.no)

### Bufetat region vest

Strandgaten 59  
Postboks 6200  
5893 Bergen  
Telefon: 46 61 93 00  
Faks: 55 90 28 18  
E-post: [region.vest@bufetat.no](mailto:region.vest@bufetat.no)

### Bufetat region Midt-Noreg

Nordre gate 12  
7495 Trondheim  
Telefon: 46 61 75 00  
Faks: 73 50 29 98  
E-post: [region.midt@bufetat.no](mailto:region.midt@bufetat.no)

### Bufetat region nord

Betongveien 2  
9509 Alta  
Telefon: 40 00 36 20  
Faks: 78 44 55 44  
E-post: [region.nord@bufetat.no](mailto:region.nord@bufetat.no)

### Bufetat region aust

Pilestredet 27  
Postboks 7024 St. Olavs plass  
0130 Oslo  
Telefon: 46 61 60 00  
Faks: 22 20 01 04  
E-post: [region.ost@bufetat.no](mailto:region.ost@bufetat.no)

**Barne-, ungdoms- og  
familiedirektoratet**

Postboks 8113 Dep.  
0032 Oslo

Telefon: 46 61 50 00

Faks: 22 98 01 06

E-post: [postmottak@bufdir.no](mailto:postmottak@bufdir.no)

[www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)